



Hans Reidar Kjærland: - Lang prosess er fullført

Etter ein årelang og krevjande prosess er det private Uskedal Vassverk godkjend av Mattilsynet.

**Godkjenninga gjeld frå 18. oktober og er gjeve med heimel i drikkevannsforskriften.
- Dette har vore som å gå opp til eksamen, med ei rekkje prøver undervegs, kommenterar leiar i styret Hans Reidar Kjærland.**

- Men det verkar litt overraskande at vassverket ikkje har hatt

godkjenning, ein skulle tru at det var ein føresetnad for å bringe vatnet ut på nettet...

- Utgangspunktet var dei nye forskriftene som kom for meir enn 10 år sidan. Vi søkte i 2005 og fekk plangodkjenning på korleis vi skulle innrette oss i høve til den vidare prosessen fram til godkjenning.

Så har vi gradvis rusta opp anlegget til topp standard i tråd med dei krava som har vorte stilt og dokumentert dette. Mange vassverk har framleis ikkje oppnådd godkjenning og vi var dei første i kommunen vår som oppnådde plangodkjenning.

Eg vil slå fast at dette har vore ein nyttig og betryggjande prosess og vi er svært nøgde med at vi no er gjennom han, seier Kjærland.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



GODKJENNINGSBEVIS

Namn: USKEDAL VASSVERK
Adresse: 5463 USKEDALEN
Bedriftsnummer: 973314831
Type verksemd: Vassforsyningssystem

Godkjenninga gjeld: Uskedalen vassverk

Kontaktperson innrapportering: HANS REIDAR KJÆRLAND

Godkjenningar:

Godkjenning

Gyldig frå:


18.10.2011

Gyldig til:

Mattilsynet, Distriktskontoret Sunnhordland, har gitt godkjenning med heimel i drikkevannsforskriften § 8 Godkjenning av vannforsyningssystem.

Dato: 19.10.2011

Vår referanse: 2011/208668


Arne Oftedal
distriktssjef


Astrid Dale
førsteinspektør

[Slik ser godkjenningsbeviset ut](#)